

## *Natteravn på Lindås*

FAU ved Lindås Ungdomsskule vedtok 5. oktober å oppretthalda og vidareføre natteravnprosjektet på Lindås. I første omgang vil me ha Natteravn dei fredagene det er fritidsklubb i Klubbhuset. Foreløpig blir dette annan kvar fredag, men planen framover for fritidsklubben er enno ikkje heilt klar. Dersom det viser seg behov vil ein vurdere kvar fredag.

Hovudmålsettinga med Natteravn er å bidra til å skapa tryggleik for alle i lokalmiljøet, spesielt for ungdom som er ute om kveldane og natta. Natteravnene skal vera synlege og observerande, samt vera tilgjengelig for ungdomen ved behov. Det er viktig å påpeika at ravnene ikkje skal vera dømmande overfor ungdomen, men vise skjønn og sunn fornuft, også når det gjeld taushetsplikt overfor tredje part. Natteravnene er ikkje politi og heller ikkje eit vaktelskap for næringslivet på Lindås!

Me som foreldre må vera med å bidra til å trygga oppvekstmiljøet for ungdomen vår i Lindåsbygda.

Natteravnene vil ha base i Kyrkjelydssenteret i Lindås Senter. I hovudsak vil Ravnene gå i område på og rundt senteret, og mellom senteret, Lindås Bensin og Klubbhuset. Tidspunktet vil vera mellom 20:00 og 23:30. Enkel servering vert sponsa av Lindås Senter!

Oppstart vil vera fredag 18. november og eiga vaktliste vil bli sendt ut når den er klar.

FAU oppfordrar alle i 8., 9. og 10. klasse til å stilla opp når ein blir sett opp på vakt. Målet er at det kunn blir ei vakt i løpet av skuleåret. For kvar vakt vil det vera ein ansvarlig frå FAU-styret.

For FAU Lindås Ungdomsskule  
Norvald Syslak  
(Leiar)  
Mail: [norvald.syslak@online.no](mailto:norvald.syslak@online.no)  
Telefon: 97690425

Link til nettsida:  
<http://www.natteravnene.no/>